

Årsmelding 2020

Sogn og Fjordane Skogselskap



Skuleklasse på Brandsøy Planteskule.



Opplæring i skogplanting



Skogdag på Nordfjordeid

ÅRSMØTE 28. MAI 2021 MED PÅMELDING

Pandemi-situasjonen påverkar også i år planlegginga av årsmøtet. Med atterhald om at retningslinene vil tillate at årsmøtet kan heldast fysisk, vert det kalla inn til

Årsmøte på Brandsøy fredag 28.05.21 kl. 12.30

Pga. korona-situasjonen må vi ha **påmelding** til årsmøtet til Ruben Bøtun, e-post: ruben@skogselskapet.no, tlf. 957 61 717 seinast **24. mai**.

Program for dagen:

Kl. 12.30: Frammøte og kaffi

Kl. 13.30: Årsmøte

- 1) Opning.
- 2) Orientering om aktiviteten i Skogselskapet ved dagleg leiar.
- 3) Årsmelding for 2020
- 4) Rekneskap for 2020
- 5) Fastsetjing av medlemskontingent for 2022
Framlegg om uendra kontingent på kr. 350 og innføring av familiekontingent på kr. 500
- 6) Val og fastsetjing av tillitsvaldegodtgjersler
- 7) Synfaring på eigedomen på Brandsøy



Vel møtt til årsmøtet!

Med helsing Sogn og Fjordane Skogselskap

Terje Engvik
leiar

Årsmelding 2020

Sogn og Fjordane Skogselskap

STYRET

Leiar: Terje Engvik. Vald av årsmøtet.

Nestleiar: Arnt Magne Paulen, Stryn. Vald av årsmøtet.

Styremedlem: Nils Joachim Knagenhjelm, Kaupanger. Vald av årsmøtet.

Styremedlem: Anders Lorentzen, Leirvik, Vald av årsmøtet.

Styremedlem: Erlend Herstad, Naustdal. Oppnemnd av fylkeskommunen.

VARAREPRESENTANTAR

1. Jakob Devik, Gloppen. Vald av årsmøte.

2. Inge Rolf Torstad, Sogndal. Vald av årsmøte.

Tore Fossen, Førde. Oppnemnd av fylkeskommunen.

MELDING FRÅ STYRET 2020

ORGANISASJONEN

Sogn og Fjordane Skogselskap er tilslutta Det norske Skogselskap og skal etter føremålsparagrafen i vedtektene fremje forståing av skogen sin mangesidige verdi og arbeide for eit godt skogbruk. Planteskuleeigedommen på snautt 800 dekar på Brandsøy i Flora er skogselskapet sin base og forretningsadresse. Etter at ein måtte avvikle skogplanteproduksjonen for nokre år sidan, har eigedomsforvaltninga teke mykje av ressursane, spesielt etter at 130 dekar vart regulert til industriområde i 2013.

MEDLEMMER 2020-TAL

I 2020 fekk Sogn og Fjordane Skogselskap ein medlemstilgang på 5, medan 12 gjekk ifrå. Ved utgangen av året var det 166 medlemmer, fordelt på 125 livsvarige og 41 årleg betalande. Det var framleis ein netto nedgang på 7. Sogn og Fjordane Skogselskap har 1 æresmedlem.

STYREARBEIDET

Styret har halde 3 møte og handsama 27 saker, blant desse tilsetjing av ny dagleg leiar. Vidare har det vore arbeidd med økonomioppfølging, prosjektoppfølgning, Borregaards Skogreisingsfond, samarbeid innan skogbruket og skogselskapsorganisasjonen, fagmøte og eigedomsforvaltning. Saka om sal av industriareal fekk endeleg ei avklaring i 2020. Etter at samarbeidspartnaren gjennom fleire år trekte seg frå intensjonsavtalen hausten 2019, meldte det seg ein ny, lokalt basert kjøpar på nyåret i 2020. Dette resulterte i ein rask prosess fram mot sal av den delen av det regulerte industriarealet som ligg nærast Florø by, medan austre del, der Hestesportssenteret er lokalisert, framleis er Skogselskapet sin eigedom.

TILSETTE

Sogn og Fjordane Skogselskap har ved utgangen av 2020 tre tilsette, to skogsvegplanleggjarar i full stilling og dagleg leiar i halv stilling. Med tilsetjing av ny dagleg leiar frå 1. januar 2021 aukar talet på tilsette til fire.

DET NORSKE SKOGSELSKAP

Landsmøtet i Det norske Skogselskap vert arrangert annakvart år. Planlagt årsmøte i juni 2020 vart utsett til grunna pandemisituasjonen. Og haustmøtet vart konvertert til eit kombinert fysisk møte og Teams-møte, der styreleiaren i Sogn og Fjordane Skogselskap deltok digitalt. Det planlagde rådmøtet vart utsett grunna pandemisituasjonen.

REKNESKAPEN FOR 2020

Resultatrekneskaper er gjort opp med eit overskot på kr. 66.618, mot kr. 178.262 i 2019. Bokført eigenkapital ved utgangen av året var kr. 3.286.979. Resultatned-

gangen skuldast i fyrste rekke auka nedgang i areal-leigeinntektene og kostnader i samband med tilsetjing av ny dagleg leiar.

EIGEDOMEN PÅ BRANDSØY

Eigedommen på Brandsøy representerer ein stor ressurs for Sogn og Fjordane Skogselskap på fleire vis. Eigedommen er ei grøn lunge utanfor byen, som genererer inntekter for skogselskapet gjennom utleige til Golfbane og hestesport. Vidare er eigedommen ein god base for å arbeide for måla og verdiane til skogselskapet. Med lokalisering nær Florø by, eigen skog, strandlinje og grønne aktivitetar på eigedommen ligg tilhøva godt til rette for å drive informasjonsverksemd om skog og leggje opp til aktivitetar for unge. Golfklubben har fått oppgradert bana til fullverdig golfbane med 6 hol i 2020.

PROSJEKTSATSINGAR

Prosjekt skogkulturmotivasjon 2020 vart vellukka gjennomført med Sogn og Fjordane Skogselskap som prosjektansvarleg. Arnt Laukeland var leigd inn som prosjektleiar og arrangerte skogkveldar og dreiv oppsøkjande verksemd mot skogeigarar som hadde avverka gran utan å syte for skogkultur etterpå. Svein Saure var også aktiv deltakar på dei fleste av fagarrangementa. Det vart arrangert 13 fagarrangement med eit deltakartal på i alt 240. Interesse såg ut til å vere aukande – med høgare gjennomsnittstal på kvar skogdag enn året før. Skogselskapet planlegg nytt prosjekt i 2021.

Prosjekt skogsvegplanlegging: Prosjektet hadde sitt tredje driftsår i 2020. Den eine planleggaren gjekk ned til 60% stilling frå april 2020. Kapasiteten til dei to planleggjarane har vore fullt utnytta med planleggingsoppdrag i Sogn og Fjordane. I påvente av tilsetjing av ny dagleg leiar har det ikkje vore gjort oppbemanning i prosjektet. Det har vore halde fleire prosjektmøte i lag med Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen) for å følgje opp prosjektet. Frå og med 2020 kom også Vestland Fylkeskommune inn med delfinansiering av prosjektet i tillegg til Statsforvaltaren, etter at fylkeskommunen tok over forvaltninga av dei tidlegare Bygdeutviklingsmidlane. For 2021 satsar Skogselskapet på opptrapping av innsatsen i prosjektet att og planlegg å tilby tenester til skogeigarane også i tidlegare Hordaland.

Prosjekt korte kurs i skogbruket: Med finansiering frå Fylkeskommunen køyrde Skogselskapet i vinterseongen 2019/2020 ein kursserie med aktuelle tilbod til skogeigarar og skoginteresserte. Pandemisituasjonen med nedstenging frå 12. mars førte til noko redusert aktivitet i høve til planane. 4 planlagde kurs vart avlyste, og vidare kursplanlegging stansa. Det vart hal-

de 10 kurs med i alt 135 deltakarar. Kursa fordelte seg på tømmerkapping, skogfondkurs og opplæringskurs i skogplanting. Denne siste kurstypen vart lansert etter at det vart problem med innreise til landet for utlandske plantarar.

SKOGSELSKAPET – VIDARE UTVIKLING OG SAMARBEID

Salet av industriarealet og tilsetjing av ny dagleg leiar i full stilling har opna nye og spennande moglegheiter for Sogn og Fjordane Skogselskap. Ein er no godt rusta for intensivt arbeid for å styrke organisasjonen med fleire medlemmer. Skogselskapet tek sikte på å føre vidare det næringsretta prosjektarbeidet til beste for framtidsskogen og næringsutøvarane. Samstundes ligg det til rette for å trappe opp verksemda retta mot ålmenta med tilbod til familiar og born og unge. Gjennom ulike prosjektsatsingar og tiltak er målsetjinga å


få breiare og betre ut Skogselskapet sin bodskap om skogen sin mangesidige verdi og spreie kunnskap om naturverdiene knytte til skog, verdiene som ligg i fornybar råstoffproduksjon, CO₂-binding i klimasamanheng og skogen sin store verdi i helse- og rekreasjonssamanheng.

Frå 2021 tek også Sogn og Fjordane Skogselskap ved ny dagleg leiar over sekretariatsfunksjonen for Vestland Skognæringsforum, der styreleiaren allereie sit som medlem av styret og arbeidsutvalet. Dette opnar for styrkte kontaktar med andre skogbruksaktørar i landsdelen til beste for alle partar. Samarbeid med skogbruket elles på Vestlandet og samarbeid innan skogselskapsorganisasjonen vil vere viktig for Sogn og Fjordane Skogselskap framover. Styre ser mange spennande utviklingsmoglegheiter for 2021 og vidare framover.

Brandsøy 9. mars 2021


Terje Engvik


Arnt Magne Paulen


Nils Joachim Knagenhjelm


Erlend Herstad


Anders Lorentzen



Styret i Sogn og Fjordane Skogselskap.

RESULTATREKNESKAP PR. 31.12.2020

SOGN OG FJORDANE SKOGSELSKAP

INNTEKTER	2020	2019
Diverse tilskot	15.000	30.000
Plantesal	16.976	30.341
Sal av diverse utstyr	1.504	3.206
Sal av tenester	6.500	6.500
Tilskot til prosjekt	2.119.539	2.371.105
Festeavgift	120.000	120.000
Jorddeponi	40.000	40.000
Diverse leigeinntekter	307.702	471.622
Medlemspengar	10.500	10.525
Info'avgift	9.450	9.450
Momskompensasjon	17.994	14.234
Innbetaling Borregaardslån	0	0
Sum inntekter	2.665.165	3.106.983
UTGIFTER		
Løn, administrasjon m.m.	2.019.633	2.197.891
Plantekjøp	12.083	29.390
Islandstur	0	12.719
Innkjøpte tenester	265.652	273.925
Straum, eigedomsskatt, forsikringar	139.651	114.579
Verktøy, rekvisita, vedlikehald	46.294	56.760
Vedlikehald uteareal	1.493	63.557
Kontingent DnS	17.800	18.000
Avskrivningar	63.680	95.380
Andre driftskostnadar	83.616	51.083
Tap på krav	0	55.200
Sum andre driftskostnadar	630.269	770.593
Sum driftskostnadar	2.649.902	2.968.484
Driftsresultat	15.263	138.499
Finansinntekter og finanskostnadar		
Renteinntekter	16.798	28.632
Utbytte	7.499	7.931
Verdiauke aksjar	27.064	3.200
Rentekostnad	- 6	
Netto finanspostar	51.355	39.763
Resultat Sogn og Fjordane Skogselskap	66.618	178.262
Overføring til/frå eigenkapital		
Resultat overført eigenkapital	66.618	178.262
Sum overføringar	66.618	178.262

BALANSE PR. 31.12.2020


SOGN OG FJORDANE SKOGSELSKAP

EIGEDELAR		2020	2019
Anleggsmidler:			
Maskiner, traktor Brandsøy Planteskule pr. 01.01.	125.720		
Ny grasklyppar	180.000		
- avskrivning	63.680	242.040	125.720
Brandsøy Planteskule, tomt m.m.		299.948	299.948
Sum anleggsmidler		541.988	425.668
Omløpsmidlar			
Kundefordringar		519.583	641.049
Avsetning til tap på kundefordringar		0	- 55.200
Til gode skogfond		6.236	6.236
Andelskapital AT-Skog		5.291	5.291
Aksjar Skogbrukets Konferansesenter AS		96.218	90.511
Aksjar Ytre Sunnfjord Holdning AS		68.107	46.750
Kassabehaldning		90	90
Bank		2.383.111	2.470.479
Sum omløpsmidlar		3.078.636	3.205.206
Sum eignedelar		3.620.624	3.630.874
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Eigenkapital pr. 01.01.	3.220.361		
Årets resultat	66.618	3.286.979	3 220.361
Sum eigenkapital		3.286.979	3.220.361
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		17.541	14.367
Offentlege trekk og avgifter		93.867	122.459
Anna kortsiktig gjeld		222.237	237.129
Avsett tilskot korte kurs		0	36.558
Sum kortsiktig gjeld		333.645	410.513
Sum eigenkapital og gjeld		3.620.624	3.630.874

Brandsøy 9. mars 2021


Terje Engvik


Arnt Magne Paulen


Nils Joachim Knagenhjelm


Erlend Herstad


Anders Lorentzen

Revisjonsmelding


Underteikna har gjennomgått rekneskap med tilhøyrande lister og bilag for Sogn og Fjordane Skogselskap, Brandsøy Planteskule, Brandsøy Planteskule Eigedom og Prosjekt Vegplanlegging

Rekneskapen er gjort opp med eit overskot på kr 66 618,-

So langt vi ser er rekneskapen ført etter dei reglar som gjeld og etter god rekneskapsskikk.

Vi kan tilrå at framlagt rekneskap vert vedteken som Sogn og Fjordane Skogselskap sitt årsresultat for 2020

Mo 18. 03. 2021.


Anders Hestad


Jarl Henrik Devik

BORREGAARDS SKOGREISINGSFOND

Fullplanting, med lån frå Borregaards Skogreisingsfond, er avslutta.

Kring 46 000 daa kulturskog av gran er planta til med lån frå fondet, og samla lånesum var 1,7 mill. kr.

Ved førre årsskifte var samla lånesum kr 402.420 fordelt på 51 lån.

Behaldning rentemidlar då året tok til var kr 478.871,58. Renteinntekta for året var kr 1.543,-.

Behaldninga ved årets slutt var kr 480.414,58.

Det har ikkje vore utbetalingar frå fondet i 2020.

AKTIVITETSRAPPORT FRÅ BRANDSØY 2020

Arbeidet her på Brandsøy har i år og vore delt mellom å ta vare på og utvikle egedomen legge forholda til rette for leigetakarane og å ta hand om den daglege drifta av Skogselskapet. Vi har i år slutført arbeidet med sal av industriarealet. Dette har vi arbeidd med i meir enn 10 år og det har våre mange planar og mogelege kjøparar inne i desse åra.

Dette salget har gitt oss økonomisk handlerom så vi på slutten av året kunne tilsette ny dagleg leiar frå fyrste januar 2021.

Skogselskapet vort er no på veg inn i ei ny rolle der vi vil rette arbeidet meir mot føremålsparagrafen vår. Tidelegare var hovudoppgåva å produsere nok planter til skogbruket i fylket vårt. No har næringsaktørane for det meste teke over oppgåva med planteforsyning og skogkulturarbeid.

Koronaepidemien har framskunda bruken av dei nye kommunikasjonsplattformene og vi ser at det er ein svært effektive måte å drive informasjon og til å halde kontakt på.

Egedomen her på Brandsøy er ein god base for å drifte Skogselskapet. Vi har framleis areal som kan utviklast og leigast ut. Driftsbygninga er teneleg til eige bruk, og den gjev gode leigeinntekter.

Vi får framleis framsett ynskje om at vi burde starte oppatt planteproduksjon her på Brandsøy. Dette skuldast at det verkar vanskeleg å få tak i lokale proveniensar av furu og aktuelle lauvtreslag. Diverre ser eg ikkje at dette er mogeleg. Med eit så lite antall planter vil ein lokal planteproduksjon gje ein altfor høg plantepreis.

EIGEDOMEN

Det er i år og utført ein del vedlikehald på bygningane og på traktoren.

Vi har utvida parkeringsplassen ved Leira for å få betre parkeringstilhøve i tunet.

I samband med at vi har utvida arealet som vi leiger ut til golfklubben har vi rydda opp i arealet som var nytta til lagring av utstyr frå planteproduksjonen.

KONTAKT MOT SKULAR OG ÅLMENTA

På grunn av restriksjonar i samband med Korona epidemien, har det ikkje våre arrangert tilstellingar retta mot born og unge.

PROSJEKT

Skogselskapet er prosjektansvarleg for 3 skogfaglege prosjekt:

Skogsvegprosjektet og Prosjekt Skogkulturmotivasjon som er finansiert av statsforvaltaren, og prosjekt for korte skogbrukskurs som er finansiert av Fylkeskommunen. Dette er fagleg gode prosjekt som i tillegg til å auke kunnskapen hjå skogeigarane gjer Skogselskapet meir synlege.

SKOGEN

Etter at vi har seld ein større del av arealet vårt på Botnastranda er der lite att av den drivverdige skogen. Vi har bygd ein kort driftsveg for å kunne ta ut ca 50 kbm med vindfall.

DRIFT AV EIGEDOMEN

Utleige: Vi leiger ut areal til Sunnfjord Hestesportsenter, Florø Golfklubb og Rune Sandvik A/S. I tillegg er der 2 mindre leigetakarar på området.

Golfklubben, her har vi skrive ny leigeavtale. Arealet og leigesummen er auka og der er i året utført mykje arbeid. Bana er utvida med ca. 6 da og er no godkjend som ei fullverdig 6 hol bane.

Hestesportsenteret har god drift og der er mange som yter ein stor dugnad i vedlikehald og drift av anlegget.

Firmaet JIKO egedom A/S har kjøpt industriarealet 117, dei har hogge ut skogen på området og reknar med å starte utbygging i løpet av 2021.

Våningshuset er bortleigd. I driftsbygninga leiger Kinn kommune arbeidsrommet, resten av bygninga er bortleigd til bubilar, båtar, klipparar og anna utstyr til golfklubben.

PLANTELEVERING

Det er framleis skogeigarar og juletre dyrkarar som ynskjer at vi skal skaffe planter til dei noko som vi gjerne gjer. Vi leverte i året 1200 planter av fjelledelgran og 900 planter av gran.

MØTER OG SAMLINGER

Sekretæren har i året delteke på: Årsmøte og 3 styremøter i Skogselskapet.

Møte om forynging og skogkultur i Vestland på Voss. 13 skogdagar i prosjekt Skogkulturmotivasjon og 2 møter i skogsvegprosjektet.

Fleire møter og synfaringar i samband med utviding av golfbana og dei andre utleigeavtalane.

Brandsøy 30.03.2021. Svein Saure



Skogdag på planteskulen i Brandsøy.

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTET I SOGN OG FJORDANE SKOGSELSKAP PÅ BRANDSØY PLANTESKULE 16. OKTOBER 2020 KL. 12.30

I alt 18 personar deltok på årsmøtet.

SAK 1 – OPNING

Styreleiar Terje Engvik ynskte velkommen til eit forseinka og utsett årsmøte på Brandsøy i pandemisituasjonen. Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste. Terje Engvik vart vald til møteleiar og referent. Til å skrive under møteboka vart Per Kjelstad og Merete Larsmon valde.

Sidan årsmøtet i 2019 hadde tidlegare skogmeister Jarle Hervik i Gloppen, aktiv skogselskapsmedlem og skogbrukar Lars Tisthamar i Stryn og tidlegare kontraktstyrkar av skogplantar for Skogselskapet Martin Skrede i Jølster gått bort. Dette vart markert med minneord og stille i eit minutt.

SAK 2 – ORIENTERING OM DRIFTA I SKOGSELSKAPET OG PROSJEKTA VÅRE

2a – Viktige saker i 2020 ved styreleiar Terje Engvik

Styreleiaren opna med å informere om aktiviteten i 2020 og heldt fram dei to viktigaste sakene i 2020: Velukka slutføring av salet av den delen av industriarealet som ligg nærast Florø og om prosessen med tilsetjing av ny dagleg leiar Ruben Bøtun, som ville starte opp 1. januar 2021. Svein Saure ville halde fram i Skogselskapet.

2b – Presentasjon av Ruben Bøtun

Den nye daglege leiaren presenterte seg og informerte kort om bakgrunnen sin. Han såg fram til å ta til i stillinga i Skogselskapet frå kommande årsskifte.

2c – Informasjon om drift og aktivitet v/ Svein Saure

Svein Saure orienterte om drifta på Brandsøy, aktiviteten hos leigetakarane våre Golfklubben og Hestesportsenteret og om arbeid retta mot skular og barn og unge. Svein hadde også vore ein aktiv aktør på dei fleste skogdagane i motivasjonsprosjektet for skogkultur i lag med Arnt Laukeland.

2d – Orientering om skogsvegprosjektet ved Asle Lyslo og Tormod Jacobsen

Dei to vegplanleggarane informerte om arbeidet i prosjektet – med varierte oppdrag og grunneigarprosessar i heile Sogn og Fjordane og noko i Hordaland. Frå årsmøtet vart det gitt signal om at det var viktig med god informasjon om tilbodet Skogselskapet hadde om medverknad til å få fram gode vegløyningar for skogbruket på kortare og lengre sikt.

2e – Informasjon om skogkulturprosjektet og korte kurs v/ Arnt Laukeland

ogselskapet sin innleigde skogrettleiar Arnt Laukeland presenterte arbeidet sitt med motivasjonsprosjektet for skogkultur og satsinga på korte skogbrukskurs, der det viktigaste var kappekurs. Ande tilbod var skogfondskurs, kurs for nye skogeigarar og motorsagkurs for ungdom. Kurs i skogplanting hadde også vore gjennomført i koronaåret 2020. I motivasjonsprosjektet var hovudinnsatsen no skog dagar med start kl. 17 og breitt fagleg innhald. Interesse for skogdagane hadde vore aukande.

Etter orienteringa til Arnt Laukeland følgde ein spørsmålsrunde og debatt med innlegg frå Magnus Mo, Torggrim Østgård, Merete Larsmon, Asle Lyslo og Terje Engvik.

SAK 3 – ÅRSMELDING SAK 4 – REKNESKAP

Terje Engvik gjekk gjennom melding frå styret. Engvik og Svein Saure gav vidare orienteringar om aktiviteten med utgangspunkt i heile årsmeldinga. Terje Engvik gjekk gjennom hovudtal frå rekneskapen og refererte revisjonsmeldinga.

Årsmelding og rekneskap vart samrøystes godkjent.

SAK 5 – FASTSETJING AV MEDLEMSKONTINGENT FOR 2020

Styret hadde innstilt på å auke årskontingenten for årleg betalende medlemmer med 50 kroner til kr. 350, i samsvar med tilråding frå skogselskapsorganisasjonen.

Framlegget om medlemskontingent på kr. 350 for 2021 vart samrøystes godkjent.

SAK 6 – VAL OG FASTSETJING AV TILLITSVALDE-GODTGJERSLER

Innstilling frå valnemnda vart vist på skjerm i møtesalen. Valnemnda hadde vore sett saman av Jørgen Hundseth, Leiv Sølvberg og Jon Otto Skålbones. Ingen frå valnemnda var til stades, og møteleiaren gjekk gjennom innstillinga og gav supplerande informasjon om vala.

Styremedlemmer på val for 3 år:

Anders Lorentzen. Framlegg: *Attval.*

Styreleiar: Attval på Terje Engvik.

Nestleiar: Attval på Arnt Magne Paulen.

Varamedlemmer: Attval på 1. vara: Jakob Devik, Hestenesøyra og 2. vara: Inge Rolf Torstad.



Årsmøtet i 2020.

Revisorar: Attval på Anders Hestad og Jarl Henrik Devik.
Utendingar til landsmøtet i Det norske Skogselskap:
Styreleiar og dagleg leiar.

Ingen bad om ordet i samband med vala, og *kandidatane som valnemnda hadde gjort framlegg om, var valde samla ved akklamasjon.*

I *valnemnda* gjekk leiaren Jørgen Hundseth ut etter 3 års funksjonstid. Som ny medlem av valnemnda etter Hundseth vart Arne Kristian Borger samrøystes vald.

Valnemnda gjorde framlegg om uendra satsar for godtgjersle til tillitsvalde:
Fast årleg leiargodtgjersle: kr. 10.000 pr. år.
Møtegodtgjersle til styremedlemmer:
kr. 2.000 pr. møtedag
Reise- og kostgodtgjersle: Staten sine satsar

Framlegget vart samrøystes vedteke.
Etter vala på årsmøtet har *styret* denne samansetninga:
Terje Engvik, leiar (på val som styremedlem i 2022)
Arnt Magne Paulen, nestleiar (på val som styremedlem i 2022)
Nils Joachim Knagenhjelm (på val som styremedlem i 2021)
Anders Lorentzen (på val som styremedlem i 2023)
Erlend Herstad (oppnemnd av fylkeskommunen)

Varamedlemmer (på val kvart år):

1. vara: Jakob Devig
 2. vara: Inge Rolf Torstad
- Personleg varamedlem for Erlend Herstad:
Tore Fossen (oppnemnd av fylkeskommunen).

Valnemnda er etter vala sett saman av: Leiv Sølvsberg (leiar), Jon Otto Skålbones og Arne Kristian Borger.

Møtet slutt kl. 15.45.

Per Kjelstad

Merete Larsmon

Terje Engvik

Skogbruket i Sogn og Fjordane

2020

FYLKESMANNEN I VESTLAND

KONTAKTPERSON

E-POST

Dirk Kohlman

fmhodkt@fylkesmannen.no

Gro Kamp Hansen

grkha@fylkesmannen.no

Torkel Hofseth

fmsftmh@fylkesmannen.no

Torleif Skage

fmskag@fylkesmannen.no

Merete Larsmon

fmsfmla@fylkesmannen.no

Turid Digernes Eikås

fmsftdi@fylkesmannen.no

KOMMUNE

KONTAKTPERSON

EPOST

Sogndal, Luster, Aurland

Arne Kristian Borger

arne.kristian.borger@luster.kommune.no

Lærdal, Årdal

Bremanger

Bjørn H Marthinussen

bhm@bremanger.kommune.no

Gulen, Solund

Halvor Brosvik

halvor.brosvik@gulen.kommune.no

Sunnfjord

Henning Malones

Sverre.Henning.Malones@sunnfjord.kommune.no

Sunnfjord

Oddbjørn Sellevoll

Oddbjorn.Kare.Sellevoll@sunnfjord.kommune.no

Vik, Sogndal

Ingvild Hovland

ingvild.hovland@sogndal.kommune.no

Kinn

Jan Osa

jan.osa@kinn.kommune.no

Askvoll, Fjaler, Hyllestad

Johannes Folkestad

johannes.folkestad@askvoll.kommune.no

Høyanger, Sogndal

Jørgen Hundseth

jorgen.hundseth@sogndal.kommune.no

Gloppen

Karoline Aldis Bjerkeset

karoline.aldis.bjerkeset@gloppen.kommune.no

Gloppen

Lindis B Østgård

Lindis.Ostgard@gloppen.kommune.no

Stad

Karoline Aldis Bjerkeset

karoline.aldis.bjerkeset@gloppen.kommune.no

Stryn

Åse Berit Nytnun

ase-Berit.Nytun@stryn.kommune.no

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESKOGMEISTEREN I BIOLOGI I VESTLAND FYLKE

Eg vil med denne årsmeldinga nytte høve til å takke for meg då eg slutta i jobben før 2021. Eg vil nytte høve til å overføre noko meir informasjon omkring mitt arbeid som fylkesskogmeister i 29,5 år og leverer i så måte ei årsmelding som vert lengre enn vanleg. I denne tida har eg hatt glede av å samarbeide med Svein Saure i Sogn og Fjordane Skogselskap og sett umåteleg stor pris på all kunnskap, erfaring og informasjon som han gjennom desse åra har delt med oss andre med interesse for frø og planter.

Arbeidsoppgåvene mine har i hovudsak vore forvaltning og rådgjeving til kommunane og skognæringa om

- forynging av skog etter hogst
- skogbiologi og biologisk mangfald i skogbruket
- skogen si rolle som klimatiltak
- langsiktig klima- og miljøtilpassing i skogbruket

Når det gjeld areal og plantetal så viser eg til eige avsnitt i denne årsmeldinga. Det triste er at heller ikkje dette året har vi fått nok av dei plantene som det er trong for og nye areal står utan forynging. Samtidig har vi over mange år no registrert urovekkande avgang på allereie tilplanta felt. Tildelt tilskotpott vart langt frå utnytta.

Ei av dei viktigaste arbeidsoppgåvene har vore fordeling, kontroll av forvaltning av NMSK-midlane som gjeld skogkultur generelt, budsjetteringa og fordeling av potten til kommunane gjennom dialog med desse, mest i form av plandokument, strategiplanar, for skogbruket/skogforvaltninga i kommunane. Manglande forynging er hovudutfordringa. Alle kommunane skal ha **strategiplanar** for skogbruket i sin kommune som grunnlag for tildeling av NMSK-tilskot.

Dialogmøte med kommunane kjem også under denne bolken, 10 kommunar pr år, (to medarbeidarar med skogkulturfagansvaret deler på storfylket). Dette er svært nyttig, gir god kontakt og aukar samarbeidet. Møta bør helst haldast fysisk. Vi går igjennom ei på førehand planlagt punktliste, einast om eit referat og dreg på synfaring i felt. Eit oppsummeringsbrev med forslag om oppfølgingsoppgåver vert så sendt kommunen som dokumentasjon. Vi innførte dette i 2019 og eg har sidan då hatt møte med Stryn, Gloppen, Hyllestad Fjaler, Flora (Kinn), Vik, Høyanger og ÅLA i 2019 og 2020.

Mine oppgåver med oppfølging av kontrollordningane for skogkultur skjer i hovudsak i form av resultatkartlegging, foryngingskontroll og ikkje minst føringar for og fordeling av NMSK-midlar til skogkultur. Oppføring og oppdatering i kommunane er naudsynt, og eg har brukt mykje tid på å svare på spørsmål frå dei der ute.

Også i 2020 vart det gjennomført motivasjonsprosjekt for å fremje forynging av ny skog i regi av Sogn og Fjordane Skogselskap i samarbeid med AT-SKOG. Dette vart glimrande gjennomført trass i Kovidepidemien som elles sette mykje arbeid på vent. Heldigvis har det vore mogleg å gjennomføre skogdagar og kurs i felt og eg har sjølv hatt ei informasjonsoppgåve på nokre av desse samlingane. Eg viser til eigen rapport om Motivasjonsprosjektet 2020 annan stad i denne årsmeldinga.

Pandemien gjorde det vanskeleg å halde den årlege fagsamlinga for kommunane. Dette vart erstatta med fleire samlingar og kurs over nettet i form av webinar. Allereie i april gjennomførte vi det første webinarret om skogkultur.

Når det gjeld skogfond så har eg organisert budsjettarbeidet for rentemidlar i lag og med god hjelp frå Turid Eikås Digernes hos Statsforvaltaren som syter for stipuleringane til kommunane. Rentemiddelbudsjettet vårt vert lagt fram for tilråding hos Vestland Skognæringsforum som fungerer som Kontaktutval for skogbruket. Det som bør vurderast for framtida er å øymerke delar av rentemidlane til spesielle prosjekt. Rentemidlar som er sett av til slike prosjekt er «freda» for inntrekkjing til sentrale føremål. Noko som kan skje frå tid til annan.

I 2020 har eg i lag med fleire fagfolk satt dagsorden for plantekvalitet, prioritering og oppfølging. Så lenge det var skogplanteproduksjon på Brandsøy i Florø hadde vi god oversikt og kontroll med plantekvaliteten. Fylkesmannen er pålagt å gjere kvalitetskontroll. Etter nedlegginga på Brandsøy har det vore mykje problem med kvalitet, innvintring, voksing m.m. Etter kvart har det vorte avdekkja mykje avvik i form av svekka planter og avgang (daude planter) som ikkje skuldast gransnutebille-gnag. Planteavgangen er urovekkjande stor for tida. På generelt høge bonitetar må vi nytte store ROBUSTE planter, helst M60 og unngå eittårige planter med mindre dei er store og har kraftig stamme. I påvente av frø frå «eigen» frøplantasje, må vi vere kritiske til tilfeldige planteparti, når det materialet vi eigentleg bør bruke, manglar. For 2020 har AT SKOG opplyst at det vart nytta planter fordelt på i alt 12 ulike parti (referansennummer). Dette er unødig stor spreiding på opphav sidan vi i utgangspunktet treng nytte nokre få proveniensar med definert opphav. Bruken av voksa planter mot snutebiller vert innført parallelt med at forskning er i gang. Dokumentasjonen ligg i resultatkartlegginga, synfaringsnotat og ATSKOG sin eigen oppfølging av plantefelt. Samtidig opplev vi uvilje til å forynge hos skogeigarar.

Tett dialog med AT-SKOG og andre hogstaktørar må halde fram! Innan utgangen av januar månad tek Stats-

forvaltaren kontakt med hogstaktørane, for tida AT-SKOG, NORTØMMER og FJORDTØMMER i form av **dialog** om årets skogkultursesong.

Statsforvaltaren (som fram til 2021 var Fylkesmannen) kan i høve forskrift frå 1995 lage eigne kvalitetskrav til frø og planter. Frøet har vi under kontroll, men plantene er det verre med. LMD har hatt fleire utval i sving med deltaking frå planteskulane i utvala, men ein har ikkje kome til noko semje sidan 1995. Her trengs ei differensiering på region, bonitet og klima som er beste argumentet for å lage eigne kvalitetsreglar for fylket. Det blir arbeidskrevjande å følgje slike reglar. LIKEVEL: Det er verdt å forsøke sidan det er mykje uklart omkring plantetilgangen til Vestlandsregionen. Då er det viktig å mene at sjølve frømateriale har vi god kontroll på så då er det ekstra trist at det skal vere så vanskeleg å lage gode planter av dette frøet.

Oppfølging og melding om ulike former for skogskader:

- Først og fremst snutebilleskader: Følgje opp registreringar i samarbeid med kommunane og forskinga (NIBIO, Inger Sundheim Fløistad) . I 2020 observerte vi for første gong også to variantar av breisnutebille på felt i Gloppen. Her har vi etablert eit forsøksfelt for markbereding og snutebiller i regi av ATSKOG, kontaktperson er Skogbruksleiar i ATSKOG Kjell Magne Åshammar og Lindis Østgård/Karoline Bjerkeseth, Gloppen kommune. FØLG MED!!
- Stort fokus på **hjordteskader** på skog: Store gnage- og feieskader skuldast ein generelt svært høg hjortebestand. I mange område signaliserar skogeigarar at dei har gitt opp å plante ny skog grunna beiteskader.
- LMD har forvaltaransvaret for jaktbart vilt. I område/regionar med sterkt beitepress på skog (ungskog og eldre skog) er tiltak for å redusere ein tett hjortebestand naudsynt med hjelp frå styresmaktene. NB: LMD har (nyleg overteke) forvaltaransvaret for jaktbart vilt f.o.m 2018. På kommunenivå snakkast det om at hjortebestanden må reduserast, men lite blir gjort enn så lenge. Skoglova opnar for å gjere naudsynte tiltak for å redusere skader på skog gjort av storvilt.
- Periodevis utbrot av orebladbill, furubarveps og bjørkemålar. Her er økonomisk skade som regel av liten betydning, men formidling av kunnskap og informasjon til omverda gjennom ymse media er viktig.
- Spesielt: Følgje opp soppskade på lerk i Fjaler. Kontaktpersonar er Johannes Folkestad, Fjaler kommune og Knut Bakkebø, skogeigar. Halvor Solheim, NIBIO, følgjer med interesse.

Ei anna oppgåve for fylkesskogmeisteren er kontakt med relevante forskingsmiljø innan fagområdet, stort sett NIBIO og deira avdeling i Bergen. Kontaktpersonar er Ivar Gjerde og Tor Myking.

- Mykje interessant som gjeld skogplanter og klima foregår i NORDGEN.
- Held mellom anna kontakt med Trond Rian som har ansvar for eit prosjekt som i 2020 og 2021 involverer NIBIO i Planting av gran på furumark, med hovudmål å auke produksjon og CO²-opptak.
- Lokalt markberedingsforsøk i Gloppen, Sjå ovafor. NIBIOKONTAKT her er Inger Sundheim Fløistad.
- Statsforvaltaren i Vestland er også involvert i internasjonalt NIBIO-prosjekt om askeskotsjuke med deltaking i praktisk oppfølging (gjennom intensjonsavtale) – prosjektet er på søknadsstadiet i 2020 og blir sannsynlegvis gjennomført. Kontaktperson i NIBIO er Fride Høistad Schei i Bergen.

KYSTSKOGBRUKET

Vestland Skognæringsforum (sekretariat og drift) har vore lagt til stillinga mi som fylkesskogmeister. Frå 2021 vert dette ei eiga arbeidsoppgåve for den nye daglege leiaren i Sogn og Fjordane Skogselskap. Statsforvaltaren i Vestland bør absolutt ha ein observatør i styret der, og det bør vere same personen som deltek i Fylkesmannsgruppa i Kystskogbruket, ein av tre ledd innan Kystskogbruket. Vestland Skognæringsforum er den regionale (fylkesvise) delen av Skognæringa Kyst innan Kystskogbruket.

Kystskogbruket, samarbeidet og nettverket er det mest positive endringa i denne jobben sidan eg jobba hos FM i første runde (1984–2003). Eg har vore Landbruksavdelinga sin representant i Fylkesmannsgruppa for Kystskogbruket og halde oss oppdatert om Kystskogbruket og elles delta aktivt, gjeld også relevant formidling, revidering/oppdatering av dokument, møtepunkt m.m.

Fylkesmannsgruppa i KSB har fått utarbeidd hos SKOGKURS eige kursmaterieell/kurs for skogeigarar med liten eller ingen skogbruksbakgrunn. Og eit kurs for skogfagansvarlege i kommunane som treng påfyll.

I regi av FM-gruppa i Kystskogbruket har vi (= FM-gruppa i Kystskogbruket) ein representant i Skogeigarforbundets SKOGFORUM som vert eit viktig talerøyr for oss. HANDLINGSPLAN er på gang og sakshandsamareren der i NSF er Ingeborg Anker Rasch. Frå vår side har vi fokus på tre ting:

- 1 Dårleg plantekvalitet over fleire år,
- 2 store regionale hjordteskader,
- 3 nå reviderast PEFC og nedre hogstmodenhetsalder må opp på 60 år for dei beste bonitetane (I dag er beste bonitet nede på 45 år, Det er altfor ungt og IKKJE berekraftig

Frø og planteforedling innan Vestlandsregionen

Vi har teke ansvar for eige frø og plantemateriale. Landbruksavdelinga i Sogn og Fjordane, no Statsforvaltaren, har gjennom mi stilling hatt god kontroll og oppfølging av det genetiske plantematerialet til ny skog i Vestlandsregionen. Inventering og utval er gjort gjen-

nom registreringar frå og med 1986 og forsøk som avdelinga har initiert i samarbeid med NIBIO og Skogfrøverket gjennom skogplanteavlsløiar Jan Ole Skage. Årøy Skogfrøplantasje i Sogndal er etter 30 år flytta til ny og betre eigna lokalitet i Granvin i Hardanger. Sogn og Fjordane Skogselskap hadde ei sentral rolle i oppbygginga og drifta av frøplantasjen i Sogndal. Ny plantasje og trearkiv i Granvin skal dekke frøtilgangen for heile Vestlandet med Skage som hovudansvarleg. Eg har teke arbeidet med å følgje opp og halde dei tre Vestlandsfylka orientert og delaktig. Alle tre fylka har ytt rentemidlar til plantasjearbeidet. Vi bør tenkje langsiktig og Statsforvaltaren bør setje av ca 20 000 kr årleg av rentemiddelbudsjettet for oppfølging/støtte til skogplanteforedlinga i Vestland/Skogfrøverket. Det er stadig trong for innhenting av nytt skogeleg material for utfylling i trearkiv og frøplantasje.

Vi i skogbruket bør ta godt vare på **arvesylvet** vårt i form av ein dokumentasjon = stambrev for samtlege frøparti som er dyrka fram til utplanting i gamle Sogn og Fjordane frå 1956 til 1997. Same dokument syner at mesteparten av granskogen frå skogreisningstida har opprinning frå Mellom-Europa, hovudsakeleg Harz-regionen. Dette er då også grunnstammen i ny frøplan-

tasje og trearkiv (DNA-testa). Følg elles med på nettsidene til Skogfrøverket for oppdatering: Skogfrøverket.no

Kursing i lauvrestell, skjøtsel og treteknologi

Som fylkesskogmeister har eg initiert jamleg opplæring i etablering og skjøtsel av lauvskog som relevant alternativ til granplanting i samarbeid med TRE-TEMA og SKOG I SOGN. Kurset vert halde på Kvamsøy i Sogndal kommune, kontaktperson er Norodd Baug. Dette er eit «lite» men viktig tilbod til interesserte skogeigarar og skogforvaltarar/rådgjevarar.

Rettleiing juletre og pyntegrønt

I heile den første arbeidsperioden min som fylkesskogmeister (1985–2003) og første åra etter 2009 jobba eg aktivt mot nye juletre dyrkarar i fylket, arrangerte kurs og markdagar. Dei siste åra har eg svart på spørsmål og hjulpet litt der eg fann dette naturleg. Tidleg på 1990-talet var eg med og stifta Vestnorsk Pyntegrøntlag som no formidlar informasjon og kurs i samarbeid med paraplyorganisasjonen Norsk Juletre.

Merete Larsmon, fylkesskogmeister



Skogdag i Leikanger.

SKOGKULTUR PR. TILTAK 2020

KOMMUNE	TILTAK	ANTALL	AREAL	KOSTNAD	TILSKUDD	
4602 – Kinn	Totalt 110	PLANTEKJØP	2 000	0	8 890	4 445
	Totalt 120	NYPLANTING	4 800	25	30 000	18 240
	Totalt 130	SUPPLERINGSPLANTING	2 000	19	6 000	3 000
	Totalt 687	HØY DRIFTSKOSTNAD	0	0	0	57 203
	Totalt 4602 – Kinn				44 890	82 888
4635 – Gulen	Totalt 120	NYPLANTING	13 800	55	90 850	38 949
	Totalt 681	VANSKELIG TERRENG	0	0	0	270 500
	Totalt 688	TAUBANETILSKUDD XTRA	0	0	0	66 160
	Totalt 4635 – Gulen				90 850	375 609
4637 – Hyllestad	Totalt 110	PLANTEKJØP	750	0	1 931	965
	Totalt 120	NYPLANTING	750	6	2 250	1 125
	Totalt 4637 – Hyllestad				4 181	2 090
4638 – Høyanger	Totalt 681	VANSKELIG TERRENG	0	0	0	491 680
	Totalt 688	TAUBANETILSKUDD XTRA	0	0	0	179 680
	Totalt 4638 – Høyanger				0	671 360
4639 – Vik	Totalt 670	SKJØTSEL MILJØ	0	0	0	55 860
	Totalt 681	VANSKELIG TERRENG	0	0	0	99 000
	Totalt 687	HØY DRIFTSKOSTNAD	0	0	0	10 500
	Totalt 688	TAUBANETILSKUDD XTRA	0	0	0	76 857
	Totalt 4639 – Vik				0	242 217
4640 – Sogndal	Totalt 110	PLANTEKJØP	7 500	0	23 925	11 962
	Totalt 120	NYPLANTING	22 500	90	119 678	66 549
	Totalt 125	ETABL.JULETREPROD.	1 000	2	13 720	1 300
	Totalt 681	VANSKELIG TERRENG	0	0	0	46 640
	Totalt 4640 – Sogndal				157 323	126 451
4642 – Lærdal	Totalt 125	ETABL.JULETREPROD.	200	1	4 040	
	Totalt 4642 – Lærdal				4 040	
4644 – Luster	Totalt 110	PLANTEKJØP	1 400	0	3 850	1 925
	Totalt 120	NYPLANTING	8 500	37	53 825	26 269
	Totalt 130	SUPPLERINGSPLANTING	1 900	23	9 775	4 887
	Totalt 133	UNGSKOGPLEIE	0	24	7 750	3 875
	Totalt 681	VANSKELIG TERRENG	0	0	0	25 600
	Totalt 688	TAUBANETILSKUDD XTRA	0	0	0	164 250
	Totalt 4644 – Luster				75 200	226 806
4645 – Askvoll	Totalt 120	NYPLANTING	8 585	40	62 417	29 999
	Totalt 4645 – Askvoll				62 417	29 999
4646 – Fjaler	Totalt 120	NYPLANTING	300	2	4 910	1 140
	Totalt 681	VANSKELIG TERRENG	0	0	0	192 220
	Totalt 688	TAUBANETILSKUDD XTRA	0	0	0	105 348
	Totalt 4646 – Fjaler				4 910	298 708
4647 – Sunnfjord	Totalt 100	FLATERYDDING	0	14	14 500	7 250
	Totalt 120	NYPLANTING	68 880	285	475 714	251 371
	Totalt 125	ETABL.JULETREPROD.	2 400	5	25 442	3 120
	Totalt 130	SUPPLERINGSPLANTING	1 700	10	10 930	5 465
	Totalt 133	UNGSKOGPLEIE	0	129	99 300	49 650
	Totalt 681	VANSKELIG TERRENG	0	0	0	4 500
	Totalt 687	HØY DRIFTSKOSTNAD	0	0	0	323 640
	Totalt 4647 – Sunnfjord				625 886	644 996

SKOGKULTUR PR. TILTAK 2020, FRAMHALD

KOMMUNE	TILTAK	ANTALL	AREAL	KOSTNAD	TILSKUDD	
4648 – Bremanger	Totalt 100	FLATERYDDING	0	6	2 100	1 260
	Totalt 110	PLANTEKJØP	5 000	0	13 675	8 205
	Totalt 120	NYPLANTING	15 550	84	94 042	54 873
	Totalt 681	VANSKELIG TERRENG	0	0	0	470 027
	Totalt 688	TAUBANETILSKUDD XTRA	0	0	0	27 000
	Totalt 4648 – Bremanger				109 817	561 365
4649 – Stad	Totalt 100	FLATERYDDING	0	2	3 000	
	Totalt 120	NYPLANTING	18 525	99	121 034	62 190
	Totalt 125	ETABL.JULETREPROD.	500	1	7 420	650
	Totalt 130	SUPPLERINGSPLANTING	1 300	21	5 150	3 450
	Totalt 670	SKJØTSEL MILJØ	0	0	0	195 497
	Totalt 681	VANSKELIG TERRENG	0	0	0	968 911
	Totalt 687	HØY DRIFTSKOSTNAD	0	0	0	40 800
	Totalt 688	TAUBANETILSKUDD XTRA	0	0	0	423 951
	Totalt 4649 – Stad				136 604	1 695 449
4650 – Gloppen	Totalt 110	PLANTEKJØP	5 750	0	15 245	6 098
	Totalt 120	NYPLANTING	26 750	168	164 210	86 200
	Totalt 130	SUPPLERINGSPLANTING	1 500	24	9 500	4 575
	Totalt 133	UNGSKOOGLEIE	0	55	68 675	34 337
	Totalt 681	VANSKELIG TERRENG	0	0	0	202 650
	Totalt 4650 – Gloppen				257 630	333 860
4651 – Stryn	Totalt 100	FLATERYDDING	0	3	5 400	2 160
	Totalt 110	PLANTEKJØP	1 000	0	2 750	1 375
	Totalt 120	NYPLANTING	53 350	222	264 330	122 830
	Totalt 130	SUPPLERINGSPLANTING	6 300	67	44 945	22 535
	Totalt 133	UNGSKOOGLEIE	0	6	5 600	2 240
	Totalt 681	VANSKELIG TERRENG	0	0	0	778 680
	Totalt 4651 – Stryn				323 025	929 820



Kappedag i Vettefjorden.

ÅRSMELDING FOR 2020 – FYLKESKOGMEISTER I TEKNISKE FAG

Frå 1. januar 2020 vart dei to fylka Hordaland og Sogn og Fjordane slegne saman til Vestland fylke. Frå same dato vart løyvingfullmakta for statstilskot til skogsveggar og drift i vanskeleg terreng, som fram til då hadde vore hjå Fylkesmannen, overført til kommunane.

Sjølv om dei fleste kommunane gjer ein god jobb er systemet med den kommunale skogforvaltninga, når det gjeld ei berekraftig utvikling og forvaltning av dei langsiktige skogressursane, korkje rasjonelt eller funksjonelt og mest til støtte for den misforståtte haldninga om at det er miljøvenleg og berekraftig å IKKJE drive skogbruk i det heile. Vi opplever at dei som jobbar med skogbruk druknar i andre oppgåver. Tilsynelatande går det i enkelte kommunar med like mykje tid på å organisere jakt som det vert brukt på skogbruk. Jakt er viktig matauk for mange men likevel hovudsakleg ein fritidssysse.

Eg er heilt samd i at kommunane skal ha hand om byggeløyver til skogsbilveggar (landbruksvegforskrifta) og andre forskriftsfesta lokale løyve. Men det har dessverre berre blitt vanskelegare og vanskelegare å sjå

korleis vi kan få kommunane til å bruke mykje ressursar på den viktige næringsutviklinga i skogbruket. Til dømes har det vore ei tradisjonell oppgåve at «heradsskogmeisteren» var både initiativtakarar og planleggar av større felles skogsveganlegg.

I gamle Sogn og Fjordane fylke var det 7 300 skog-eigedommar, 95% av desse eigedomane eller 62% av det produktive skogarealet, var under 500 dekar. Snittstorleiken var 162 dekar. For skogstroka og Trøndelag var også ein stor del av eigedomane under 500 dekar, 73%, men dei utgjorde berre 16% av heile skogarealet. Dei store eigedomane utgjorde 57% av det produktive skogarealet i desse fylka. Til samanlikning utgjorde dei store eigedomane berre 15% av arealet i Sogn og Fjordane.

I følgje Statistisk sentralbyrå skjer dobbelt so mykje av hogsten i Norge på eigedomar over 2 000 dekar som på dei under 500 dekar. Eg går også ut frå at jo større ein skogeigedom er, jo meir sannsynleg er det at skog-eigaren er i stand til å drive god økonomisk planlegging sjølv, utan innblanding frå styresmaktene.



Taubanedrift i Skjolden.



Det vart brukt ein god del årsverk på skogbruk i kommunane i det gamle Sogn og Fjordane. Dessverre var mange av stillingane fordelte på brøkstillingar, noko som ikkje gjev ein effektiv forvaltning. Stillingane endar opp som kontrollantar i staden for næringsutviklarar. Og eg trur heller ikkje vi kan vente oss at kommunane, i ein trong økonomi, ser seg i stand til å bruke svært mykje tid på langsiktig oppbygging av skogressursane.

På ei utferd i Tyskland for mange år sidan hugsar eg vi reagerte på og diskuterte lett hovudristande det faktumet at det vrimla av offentlege skogfunksjonærar ute i skogen.

Det gjekk mange år før eg forstod ordentleg kva som låg bak det tilsynelatande overbefolkta tyske skogbruket. Skogen er ein viktig lokal og nasjonal ressurs, og for at det skal bli verdifull skog må han foryngast og få rett skjøtsel, også der eigedomane er små og eigarane bur langt unna. Den framtidige kostnaden samfunnet (eller skogeigaren) må bere på grunn av manglande forynging og utelete skogskjøtsel kan lett vere ti eller tjue gongar kostnaden til ein offentlig tilsett skogfagleg person, som kan samordne og hjelpe og mobilisere skogeigarane.

I Sogn og Fjordane har vi i mange år hatt god hjelp frå Skogselskapet, som har sysselsett to vegplanleggarar. Dei har jobba 100% med skogbruk og overordna vegplanlegging retta mot skogeigarane og har vore viktige for næringsutviklinga i kommunane.

Vi skulle berre hatt mange fleire slike stillingar.


Tømmerprisutviklinga; ein grøn supersyklus?

Figuren viser utviklinga i tømmerprisen for gran i Sogn og Fjordane dei siste ti åra, justert med konsumprisindeksen. Legg merke til at den høge massevirkeprisen i 2018 og 2019 gjorde at massevirkeandelen auka.

Sjølv om tømmerprisen ser ut til å gå ned er det no på ny relativt tydelege signal om at vi kan vere på veg inn i ein grøn råvare-supersyklus.

Tesen er at supersyklusen vert drive av ein synkronisert attendehenting i den globale økonomien etter pandemien, der massive infrastrukturinvesteringar kjem til å drive etterspurnaden etter råvarer opp i ein lang periode.

*Torkel Hofseth
Fylkesskogmeister*



LØYVINGAR, UTBETALINGAR OG FERDIGGODKJENDTE SKOGSVEGAR I SOGN OG FJORDANE 2020

	VEGNAMN	VEG- KLASSE		LØYVING 2018	UTBETALT 2020	
KINN	VASSDALSVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEG	0	250 000	
HØYANGER	GAMLESTØLVEGEN 4	5	SOMMARBILVEG U/HENGR	63 840	337 440	
HØYANGER	GAMLESTØLVEGEN 3	5	SOMMARBILVEG U/HENGR	182 520	0	
HØYANGER	BERMYRAVEGEN STIKKVEG 1,2,6,5	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	409 689	409 689	
HØYANGER	HESTVEGEN	5	SOMMARBILVEG U/HENGR	31 836	31 836	
HØYANGER	AVEDALSVEGEN 1 OG 2	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	580 000	200 000	
VIK	ØYASETEVEGEN	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	0	163 800	
VIK	BREKKEVEGEN	3	HEILÅRS SKOGSBILVEG	78 000	0	
SOGNDAL	LEGDENEVEGEN 2	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	0	116 000	
SOGNDAL	FUTEVADVEGEN 3	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	329 484	449 484	
SOGNDAL	SANDSTEIGVEGEN	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	-3 000	105 000	
LUSTER	SPILDERFOSSVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEG	0	27 122	
LUSTER	LUNDSTROI	7	TUNG TRAKTORVEG	53 469	145 469	
LUSTER	LASSEMYRVEGEN 4	7	TUNG TRAKTORVEG	14 477	14 477	
LUSTER	GARDSHAUGVEGEN	5	SOMMARBILVEG U/HENGR	290 000	261 000	
ASKVOLL	LIAVEGEN, PARSELL STØLSLIVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEG	76 500	0	
FJALER	BASELIVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEG	0	63 040	
FJALER	DYTTINGVEGEN, PARSELL 2 (LIAV)	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	125 100	0	
FJALER	LANDBRUKSVEG 277/4	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	40 500	24 607	
FJALER	VIKAKLETTVEGEN	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	90 000	0	
SUNNFJORD	VIKALIVEGEN	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	900 000	0	
SUNNFJORD	DALVEGEN	8	LETT TRAKTORVEG	0	63 075	
SUNNFJORD	KLYPEVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEG	-13 608	29 592	
SUNNFJORD	RIMMAVEGEN	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	0	520 000	
SUNNFJORD	NEDRE SKORAVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEG	0	250 000	
SUNNFJORD	TEFRE-SPONHAUGVEGEN	3	HEILÅRS LANDBRUKSVEG	-875	79 125	
SUNNFJORD	ÅRØYEN BRU	3	HEILÅRS LANDBRUKSVEG	161 000	161 000	
SUNNFJORD	RÅHEIMSVEN	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	262 640	0	
SUNNFJORD	SOLSIDEVEGEN	3	HEILÅRS LANDBRUKSVEG	30 400	0	
BREMANGER	SKOGVEG DAVIKNES OG EKORNBASSE	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	32 700	32 700	
STAD	KAMBEVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEG	115 037	0	
STAD	RAMBERGVEGEN 2 PARSELL 1	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	0	63 520	
GLOPPEN	HAMREFLATEVEGEN PARSEL 2	5	SOMMARBILVEG U/HENGR	493 987	640 351	
GLOPPEN	LAVIKAVEGEN	5	SOMMARBILVEG U/HENGR	31 000	0	
STRYN	LIASETVEGEN	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	688 500	619 650	
STRYN	SKOGSBILVEG STAURI	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	0	168 595	
STRYN	SNUPLASS DEMMEMYRVEGEN	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	12 132	0	
STRYN	PELLEVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEG	27 840	0	
STRYN	SKOGSBILVEG ØVREEIDE	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	61 940	0	
STRYN	KLYPEVEGEN	4	SOMMARBILVEG M/HENGR	2 030 000	1 142 858	
				7 195 108	6 369 430	

LØYVINGAR, UT BETALINGAR OG FERDIGGODKJENDE SKOGSVEGAR I SOGN OG FJORDANE 2020

FERDIGGODKJENDE VEGAR SUM		NY- ANLEGG				OM- BYGGING						
SUM KOSTNAD (KR)	TILSKOT (KR)	BRUER (TAL)	LENGDE (M)	KOSTNAD (KR)	KR/M	TILSKOT (KR)	LENGDE (KR)	KOSTNAD (KR)	KR/M	TILSKOT (KR)	GOD- KJEND	
804 246	250 000		2 600	804 246	309	250 000						
1 520 000	337 440		1 363	1 520 000	1 115	337 440						
836 100	409 689		890	786 100	883	385 189	129	50 000	388	24 500	*	
53 060	31 836		72	53 060	737	31 836						
290 200	116 000		311	290 200	933	116 000	1 005				*	
817 244	449 484		734	0	0	0	734	817 244	1 113	449 484	*	
175 000	105 000		130	175 000	1 346	105 000					*	
363 742	145 469		310	363 742	1 173	145 469					*	
32 170	14 477		71	32 170	453	14 477					*	
382 200	137 592		725	382 200	527	137 592					*	
504 190	250 000		417	504 190	1 209	250 000					*	
131 875	79 125						83	131 875	1 589	79 125	*	
336 255	161 000	1					0	336 255		161 000	*	
54 500	32 700		201	54 500	271	32 700					*	
1 486 215	1 040 351		462	1 486 215	3 217	1 040 351					*	
7 786 997	3 560 163		8 286	6 451 623	779		1 951	1 335 374	684	714 109		

GULEN KOMMUNE

Hjorteproblem

I Gulen kommune er det mykje hjort. Jordbruket har frå tid til anna klaga over at hjorten tek mykje av fôret bonden vil ha i siloen. Og Bondelaget har fronta problemet.

Men også i skogen, gjer hjorten mykje skade. Alvorleg vert dette når han nappar i nyplantingar og enten riv opp planten eller bit av toppskotet. I utsette felt har hjorten vore bort på alle plantane. Dette fører til store «hol» i plantefeltet og plantane vert varig skada. Etter skoglova, skal ein forynge etter hogst. Med dei skadane hjorten fører til, må ein vurdere dette nærare.



Ved planting av ca 50 daa, kostar inngjerdinga om lag det plantekjøp og planting kostar. Og med gjerde er ein sikrere på å få opp ny skog. Men kven skal betale for gjerdet?

Frå statistikken	Tal	Areal daa	Kostnad kr	Tilskot kr
120 Nyplanting	13800 plantar	55	90 850	38 949
681 Vanskeleg terreng				270 500
688 Taubanetilskot ekstra				66 160
Avverka tømmer.	Volum: 1981 m ³	Verdi: kr 704 592		
Gjennomsnittleg verdi pr m ³ :	kr. 355,67			
Det vart avvirka både sitka- og vanleg norsk gran				

Kurs

Motorsagkurs	13.-14. februar	Eivindvik	8 deltakarar
Instruktør:	Arnt laukeland		
Skogkveld	10. sept.	Ynnesdalen	6 deltakarar

v/ Skogselskapet S&Fj. Arnt Laukeland og Svein Saure, Gulen skogeigarlag og Gulen kommune

Solund

Avverka tømmer.	Volum: 104 m ³	Verdi: kr. 23 432
Gjennomsnittleg verdi pr m ³ :	kr. 225,31	

Helsing Halvor L. Brosvik, Gulen kommune, Konsulent vilt, skog og jordbruk

BREMANGER KOMMUNE

HOGST

Hogstaktiviteten har vore høgare i Bremanger kommune. Skogeigarane hogg 1293 m³ levert gjennom skogavgiftssystemet i kommunen.

SKOGKULTUR

Det er sju skogeigar som har planta 15.500 granplantar 2020.

HJORTEJAKT

Det blei felt 961 hjort i 2020. Fellingsprosenten var på 62 %. Uttaket av kalv var på 36 % og ungdyr 27 %.

Dette er eit for lite uttak av yngre dyr til å oppretthalde ein hjortebestand med naturleg alderssammansetjing.

Bjørn H. Marthinussen



ÅRSMELDING AKTIVITET SKOG – ASKVOLL, FJALER OG HYLLESTAD KOMMUNE

Avverka tømmerkvantum var i meldingsåret 2020:

Askvoll: 268 m³ med gran
Fjaler: 8.413 m³ med gran, 32 m³ med Fure,
totalt 8.445 m³
Hyllestad: 152 m³ med Fure

Taubanedrifter: I Fjaler: vart det gjennomført 4 taubanedrifter, med eit samla avverka volum på 2.410 m³ med gran. Det vart gjeve 140 kr/m³ i NMSK tilskot. Tre av driftene vart prioritert med tilskot til å *oppretthalde hogstaktivitet i skogbruket*. I Askvoll: var det planlagt to taubanedrifter. Desse vart utsett til 2021.

Planting:

Askvoll: 8.585 granplanter.
Fjaler: 300 granplanter.
Hyllestad: 750 granplanter.

Det vert jobba med å få opp planteaktivitet, då ein har eit etterslep frå tidlegare år. Både skade frå snutebille og hjort, samt økonomi ved avverking (og plantekvalitet?), skapar utfordringar knytt til å få til forynging av avverka areal. Eit par felt vart sett på vent grunna manglande tilgang på planter.

Ungskogpleie: Ingen registrerte tiltak.

Bygging av landbruksveggar:

Askvoll: Omsøkt to veganlegg knytt til skogbruk. Dette gjeld bygging av 60m skogsveg m/ velteplass, kl. 7, samt 215m nyanlegg og 160m opprusting til vegklasse 8. I tillegg var det omsøkt godkjenning av fire driftsveggar for jordbruksføremål.

Fjaler: Det vart søkt godkjenning av 5 landbruksveggar i Fjaler 2020. Veganlegga skal byggast i vegklasse 8, og har ei samla lengde på 1.436 m. Hovudinteressene i veganlegga var knytt til skogbruk.

I tillegg er det gjeve 60% tilskot til 2 skogsbilveganlegg (omsøkt/ godkjent i 2019) på høvesvis 587m og 130m.

Ferdigbygde skogsveganlegg:

Fjaler: Det er godkjent 130m med Skogsbilveg. Veganlegget er løyvd NMSK-tilskot.

Hyllestad: Det vart godkjent 3 landbruksveggar i kl. 5, med ei samla lengde på 950m, med høvesvis 10% skoginteresse (2 søknader), og 30% (1 søknad).

Anna aktivitet:

Mars: Årsmøte Fjaler Skogeigarlag. Motorsagkurs Askvoll/ Hyllestad/ Fjaler (arrangert i Dale).

Aug: Møte i Hyllestad, tema oppskrivning kommunale veggar, Fylkesmannen, vegplanleggar og kommunen.

Sept: Skogdag i Fjaler, tema taubanehogst m.m. i regi av skogselskapet, At Skog og landbruksforvaltninga.

Temamøte oppskrivning kommunale veggar, At-skog, vegplanleggar, kommunen.

I 2020 kom tømmerkaia i Kvamen i Dalsfjorden for fullt i bruk (des 19), og attendemeldingar indikerar at kailøysing har fungert godt både frå land- og sjøside. Ved utgangen av 2020 var det skipa ut 27.000 m³, og aktiviteten har vore aukande fram mot 2021.



Skogdag i Fjaler.

ÅRSMELDING 2020

– SKOGBRUKET I SUNNFJORD KOMMUNE

Skogkultur: I det første året som ny kommune skapte koronapandemien store problem med tilgang på plan-tejengar/arbeidskraft. Planlagt vårplanting blei av den grunn, redusert med kring 50 000 planter.

Produksjonsproblem på planteskulane (kvaliteten på plantene) førte til at aktiviteten på hausten også blei låg.

21 skogeigarar har utført/fått utført skogkulturarbeid i 2020.

- Nyplanting, 68 880 planter 285 daa.
- Suppleringsplanting, 1 700 planter 10 daa.
- Etablering av juletreproduksjon 2 400 planter 5 daa.
- Ungskogpleie, rydding og avstandsregulering i plantefelt 129 daa.
- Flatorydding/tilrettelegging av foryngingsfelt 14 daa.

Totale kostnader/investeringar i skogkultur kr 625.886. Samla utbetalt tilskot kr 316 856.

At-skog har utført reklamasjonsplanting på to eigedomar 14 000 planter ca 55 – 60 daa.

Skogsdrift:

Det er levert 25 190 m³ tømmer. Treslagsfordelinga er 25 043 m³ gran og 90 m³ furu. Gjennomsnittspris for gran kr 339/m³, og for furu kr 500/m³. Ved til brensel er oppgjeve til 57 m³. Samla bruttoverdi er på kr 8 536 541.

Rapportert sal av juletre 3 193 stk.

Det er løyvd og utbetalt kr 323 640 for ordninga med koronatilskot (halde oppe hogstaktivitet) til hogst-maskindrifter (9 drifter) og kr 4 500 til ei drift med hest.

Skogsvegar:

Avslutta skogsvegpsjunkt i 2020:

- 2 traktorvegar kl 7, 450 m og 725 m. Samla kostnad kr 886 200. Utbetalt tilskot kr 387 582.
- 2 bilvegar. Utbetring/ombygging klasse 3 (ombygging av sving ca 85 meter og ny bru). Kostnad kr 468 130. Utbetalt tilskot kr 240 125.

Nye byggesøknader:

Det er søkt om og gjeve løyve til bygging av 9 nye skogsvegar i 2020.

- 7 traktorvegar med samla lengd på om lag 2 825 m.
- 1 bilveg ombygging/oppgradering til kl 4, 400 m
- Nytt bilvegpsjunkt i kl. 4 (Råheimsvegen) 550 m. Løyvd tilskot kr 262 640.



Bjørkefelt i Naustdal.

Etter flaumskade er det elles søkt om reperasjon/ombygging og gjeve løyving på kr 30 400 i tilskot til eit mindre parti (30 m) på Solsidevegen (kl 3) i Naustdal.

Skogskader:

Det blei også i 2020 observert, og motteke meldingar om skader av snutebille og noko beiteskader på plantefelt. Det er også rapportert og registrert stor avgang i plantefelt der ein ikkje finn sikker årsak. Problemet/utfordringa med stor avgang i plantefelta vert jobba med, dei sikre svara manglar førebels. Andre skader av omfang på skog er ikkje observert eller meldt.

Kurs/arrangement:

Det er arrangert to motorsagkurs for ungdom (aktivt skogbruk).

Sanddal 28.–29. mai, 5 deltakarar

Myrmel 27.–29. oktober, 10 deltakarar.

Gjennom prosjektet Skogkulturmotivasjon 2020 (Skogselskapet og AT-Skog), blei det arrangert skogkveld på Mo 14. september (velteplassen ved Baubrekkka). 32 personar deltok. Tema var planting og stell av barskog og lauvskog, hogst, prisar og tømmermarknad.

Skogfond:

Innestående skogfond pr. 31.12.2020: kr 7 637 063.

Mars 2021

Oddbjørn Sellevoll og Henning Malones

ÅRSMELDING – SKOGBRUKET 2020 GLOPPEN

Avverking

Avverkinga av skog i Gloppen datt kraftig samanlikna med 2019. Det vart avverka 1 140 m³, med gran og 39 m³ med furu, totalt 1 179 m³. Verdien av dette var kr 422 343.

Det har vore to søknader om taubanetilskot der det har løyvd kr 202 650 i tilskot og som i hovudsak har stått for hogsten i Gloppen i 2020.

Skogkultur

10 skogeigarar har fått tilskot til planting og det har blitt planta ut 29 750 plantar. To skogeigarar har fått tilskot til ungskogpleie på til saman 55 dekar. Det er løyvd kr 131 210 i tilskot.

Skogsveggar

Det har vore lite aktivitet knytt til skogsvegbygging. I 2020 kom det inn ein søknad om bygging av skogsveg og det har blitt løyvd 31 000 kr i tilskot til denne.

Anna aktivitet

Det har vore gjennomført to motorsagkurs i Gloppen i 2020 i samarbeid med Aktivt skogbruk. I alt deltok 16 personer på desse kursa. I tillegg vart det arrangert motorsagkurs for 10. klasse på ungdomsskulen.

Kommunen arrangerte, i samarbeid med Sogn og Fjordane Skogselskapet, eit kappekurs i februar, samt ein skogdag i september med fokus på prisar, tilskotsordningar, skogkultur og skogsveg. Totalt deltok rundt 20 personar på desse dagane. Det vart planlagt eit skogfondskurs i mars, men dette vart avlyst grunna korona.

Landbrukskontoret har starta opp med nyheitsbrev frå landbrukskontoret der skogrelatert informasjon er ein viktig del for å auke merksemda rundt skog og skogbruk.

Sandane, mars 2021
Karoline Bjerkeset, landbruksrådgjevar
Lindis B. Østgård, utmarksforvaltar

ÅRSMELDING – SKOGBRUKET 2020 STAD

Avverking

I Stad vart det avverka 21 001 m³ i 2020 med ein totalverdi på kr 7 068 278 kr. Av dette var det avverka 20 689 m³ med gran og 311 m³ med furu.

Det har vore stor aktivitet knytt til hogst og 28 skogeigarar har fått tilskot om til drift i vanskeleg terreng. 22 av desse er knytt til drift med taubane. Det er løyvd tilskot på til saman kr 1 629 159 til føremålet «høg driftskostnad».

Skogkultur

Ni skogeigarar har fått tilskot til ulike skogkulturføremål på til saman kr 136 604. Det er planta 19 825 plantar. Det er også etablert juletreproduksjon der det er planta ut 500 plantar.

Skogsveggar

Det har ikkje vore handsama nye skogsvegprosjekt i 2020. Det har vore søknadar som har kome inn, men på grunn av kapasitetsproblem på landbrukskontoret, så har desse fått forseinka handsaming og blitt handsama påfølgande år. Det er løyvd kr 115 037 kr til eit eldre skogsvegprosjekt.

Anna aktivitet

Det vart arrangert skogdag på Eid 23. september der prisar, tilskotsordningar, skogkultur og skogsveg var diskusjonstema. Rundt 35 personar deltok.

Landbrukskontoret har starta opp med nyheitsbrev frå landbrukskontoret der skogrelatert informasjon er ein viktig del for å auke merksemda rundt skog og skogbruk.

Sandane, mars 2021
Karoline Bjerkeset, landbruksrådgjevar
Lindis B. Østgård, utmarksforvaltar



Skogdag i Gloppen.

ÅRSMELDING FOR SKOGBRUKET I STRYN KOMMUNE 2020

Avvirkingsstatistikk

I Stryn kommune vart det i 2020 avvirka eit totalvolum på 8877 m³ tømmer, til ein total verdi på om lag kr. 3 mill. Snittpris per m³ var kr. 346.

Det er ein nedgang i registrert avvirking i høve til tidlegare år.

Av det avvirka tømmeret var 98,7 % levert via AT-skog, 0,9 % via Nortømmer og 0,4 % via andre.


Skogfond

I snitt sette skogeigarane i Stryn kommune i 2020 av 10 % av bruttoverdien av skogsvirket i skogfond. Dette er om lag det same som dei siste åra, men ein del høgare enn tidlegare år, med t.d. eit snitt på 5,25 % i 2016.

Forynging og tilskot

I 2020 var det fire som vart tekne ut til foryngingskontroll. Dette er ein nedgang i høve til tidlegare år. Tre av desse er kvittert ut og har fått status OK, medan den fjerde har fått utsett sin foryngingsfrist til ut 2022.

Sjølv om det var færre i foryngingskontroll i 2020, er det likevel eit tidkrevjande arbeid, då kommunen samla pr. d.d. har ni foryngingskontrollar frå tidlegare år som er under handsaming og som må fylgjast opp kvart år på ulike vis.



Stikkprøvekontroll av forynging i Olden.

Det vart i 2020 betalt ut kr. 160 000 i skogkulturtilskot i kommunen. Dette er ein liten nedgang i høve til tidlegare år. Nedgangen skuldast ikkje mangel på tilgjengelege midlar hjå kommunen, men nedgang i aktivitet/innsending av refusjonskrav – her ser vi nok igjen nedgangen i avvirka volum.

Veg og drift i vanskeleg terreng

Det vart handsama åtte søknader om bygging av landbruksveg i 2020 – av desse er eitt av vegprosjekta ein rein jordbruksveg som ikkje løyser ut skog.

Vidare vart det handsama fem søknader om tilskot til bygging av landbruksveg. Stryn kommune fekk i den ordinære tildelinga løyvd kr. 1 100 000 i tilskotsmidlar til veg. På tampen av 2020 fekk kommunen to tilleggsløyvingar på til saman kr. 1 531 853, og enda opp med ein samla sum på kr. 2 631 853. Heile summen vart bevilga.

Det vart også handsama åtte søknader om tilskot til drift i vanskeleg terreng (taubane), og det vart til saman bevilga kr. 1 115 800 til desse.

Resultatkartlegging for skog og miljø

Fire felt vart i 2020 trekt ut til resultatkartlegging. Alle feltene er planta med gran, og nokre er også supple-



Resultatkartlegging i Loen.



Resultatkartlegging i Loen.

ringsplanta. Det var likevel generelt få plantar å sjå på felta, og fleire stadar var plantane skada/dø eller rett og slett vekke. Det er generelt mykje utfordringar knytt til hjort på felta.

Ymse

Stryn kommune vart i 2019 ferdig med å utarbeide ein samla plan for skogbruket i kommunen. Planen inneheld ein kartdel og ein tekstdel, som begge er delt i desse fire tema; prioriterte skogbruksområde, skog



Resultatkartlegging i Stryn.

med vernande funksjon, skogsbilveggar og traktorveggar, og flaskehalsar på kommunale veggar.

I 2020 har planen vore nytta i den kommunale saksbehandlingsinga, og målet er å gjere oss enno større nytte av planen i 2021.

Stryn, mars 2021

Åse-Berit Nytnun, skog- og eigedomsforvaltar



Kurs i bruk av motorsag. Foto: Arnt Laukeland.

ÅRSMELDING SKOG I SOGN

Frå 2020 har Skog i Sogn samarbeidet blitt ei fast ordning for alle dei 7 kommunane i Sogn Region (Høyanger, Sogndal, Vik, Luster, Aurland, Lærdal og Årdal), ein milepæl for skogforvaltninga i Sogn. Ressursar til ei fagleg god forvaltning vert kopla med ressursar til nærings- og utviklingsarbeid innan skogbruket, og ein har fått samla den skogfaglege miljøet i regionen på tre stillingar (2,6 årsverk). Skog i Sogn har og nært samarbeid med At-skog og Skogselskapet.

Ingvild Hovland er sakshandsamar for skogbruk i Sogndal kommune og Vik kommune.

Arne Kristian Borger er sakshandsamar for Luster, i tillegg til ØKS med skogkultur/skogfond i Sogndal og ÅLA.

Jørgen Hundset har hatt dagleg leiaransvaret for Skog i Sogn og sakshandsamar for Høyanger og ÅLA, i tillegg til gjennomføring av hovudplan for skogsveggar i Leikanger- og Sogndalområdet.

SKOGSDRIFT

Avvirkingsstatistikk for 2020 viser at det blei omsett 26 986 kbm bartrevirke. Av dette var 25 919 kbm gran og 1 067 kbm furu, som og viser at furua er meir krevjande å få omsett.

Fyrstehandsverdien var på omlag 9 mill kr. Over halvparten av dette har vore i Vik, der 2 skogsetreprenørar har operert store delar av året.

Det er løyvd og utbetalt statstilskot til 10 taubanedrifter, sum kr 684 457,-. Av dette er om lag kr 140 000 gitt som koronamidler.

Oversikt over skogsvegprosjekta ferdiggodkjent 2020:

Vegnamn	Lengde omb. m	Lengde, ny, m	Kostnad, kr	Tilskot løyvd, kr
Gamlestølvegen, Høyanger	910	1 360	1 520 000	522 960
Bergmyravegen stikkv., Høyanger	130	890	836 100	409 689
Hestvegen, Høyanger		72	53 060	31 836
Avedalsvegen, Høyanger		1 200	1 200 000	580 000
Ytre Berge Skogsveg, Høyanger	220		350 000	210 000
Futevadvegen, Sogndal	734		817 244	449 484
Legdenevegen, Sogndal		311	290 000	116 000
Sandsteigvegen, Sogndal		130	175 000	105 000
Lundstroi, Luster		310	363 742	145 469
Lassemyrvegen, Luster		71	32 170	14 477
Totalt	1 994	4 344	5 6037 316	2 584 915

SKOGKULTUR

15 skogeigarar har hatt aktivitet med skogkultur i 2020, stort sett alle i Luster og Sogndal. Det er innan tilskotsordninga gjeve tilskot til 30 000 granplanter satt ut på ca. 120 daa, i tillegg til 1900 planter som supplering.

Fleire felt var klar til planting, men mangel på skogplantar og koronasituasjonen, gjorde sitt til at plantinga på desse er utsett til 2021. Ein bør for ettertid få innarbeid ein rutine på at det ikkje er mangel på plantar som er problemet. På mange felt er det viktig å få satt ut plantane tidleg etter hogst.

3 skogeigarar i Luster har hatt ungsogopleie på til saman 24 daa.

Det er og gjeve eit koronatilskot til planting av 1000 juletre og stammekvisting/tytning av 4 daa furu i Vik.

Gjennom skogsamarbeidet Skog i Sogn er det søkt om midlar til motivering for auka ungsogopleie, som har planlagt oppstarta i 2021.

SKOGSVEGBYGGING

Det har dei siste åra vore stor aktivitet på skogsvegbygging.

10 skogsvegprosjekt har vært under anlegg dei siste 2 åra, og blei ferdiggodkjent i 2020. Totalt måler desse om lag 4,3 km ny skogsbilveg i vegklasse 4, og om lag 2 km ombygging til vegklasse 4.

Prosjekta hadde ein godkjent kostnad på om lag 5,6 mill kr, og det er utbetalt eit tilskot på omlag 2,5 mill kr.

Elles er det bygd ein om lag 2,1 km lang traktorveg klasse 7 i Ranndalen på Østerbø. Denne er fullfinansiert av Sogn og Fjordane Energi til liks med Solnipa-vegen som blei ferdigbygd 2019.

I høve planar for større skogsdrifter og skogvegbygging er det laga et prosjekt på oppgradering av 2 kommunale vegar i Høyanger, og det er løyvd kr 245 000,- frå skogsvegmidlane til utbetring av flaskehalsar på Tangenvegen i Vadheim og Ytre Bergevegen.

RESULTATKONTROLL OG FORYNGINGSKONTROLL

Det har vore trekt ut til 5 resultatkontroll, eit på Leikanger, eit i Balestrand og 3 i Vik.

Når det gjeld drifter over 250 kbm der det ikkje er registrert planting innan tre år skal kommunen følge opp og dette vert omtala som foryngingskontroll. 11 skogeigarar har stått på denne lista i 2020.

KURS, FAG- OG SKOGDAGAR

Område Balestrand: Eit kurs i kapping av tømmer, 2 motorsagkurs og eit kurs i PEFC.

I samarbeid med TreTema as har skogforvaltninga vert engasjert med det årelege trekurset for Bergen Arkitektthøgskule på Kvamsøy med treslagslære og byggeprosjekt i tre.

Område Leikanger: Skogdag 28. mai ved Kleppa med innkalling av einskild skogeigarar (Corona tilpassa). Skogdag 27. august i same område og i samarbeid med At-skog og Skogselskapet.

1. oktober var det ein skogsvandring med Sogndal SV om bygging av landbruksvegar og fleirbruk i skog.

Område Sogndal: 2 motorsagkurs, det eine var samarbeid med Luster kommune.

Område Vik: Skogdag 9. september. Motorsagkurs 8.-9. september og kappekurs 9. desember.

PROSJEKTER

I samarbeid med Sogndal kommune og At-skog, har Skog i Sogn teke initiativ til ein prosess for utbetring og oppskrivning av flaskehalsar på kommunale og fylkeskommunale vegar.

15 kommunale og 3 fylkeskommunale vegar er her «under lupen».

Dette er og eit av tiltaka i Hovudplan skogsvegar.

*Jørgen Hundseth, Ingvild Hovland og
Arne Kristian Borger*



Skogkveld i Vik.

STATISTIKK FRÅ SKOGBRUKET I KINN 2020

Skogkultur:

Det vart utført nyplanting etter avvirkning på ca 20 da og suppleringsplanting etter store skader som fylgje av snutebillegnag på eitt felt.

Nyplanting: Gran 4.800 planter

Suppleringsplanting: Gran 2.000 planter.

Skogsdrift:

Det vart i året avvirka 4.955 kbm. tømmer til ein samla verdi av kr. 1.621.991.

Gran: Skur. 3.696 kbm. Snittpris kr. 368.

Salgssum kr 1.360.051.

Gran: Massevirke. 1.151 kbm. Snittpris kr. 207.

Salgssum . Kr. 237.628.

Ved: 90 kbm. Snittpris kr 268.

Salgssum Kr. 24.112.

Skogsvegar:

Det er i 2020 ferdigstilt 1 veganlegg, Vassdalsvegen lengde 2.600 m

I tillegg er der under planlegging 4 veganlegg.

Kurs og Skogdagar:

Det vart halde 1 skogdag med tema Forynging, Ungskogpleie og Skogfond med 12 deltakarar i i samarbeid med AT-skog og Skogselskapet.

Tilskot til:

Drift.	NMSK	Kr. 57.203
Skogkultur.	NMSK.	Kr. 25.685
Skogkultur.	Kommune.	Kr. 4.489
Skogkultur.	Fond, Legat.	Kr. 4.489



Tømmerkai i Eikefjorden.

Junkkari flishugger HJ-172/252

HJ-172/252 med 450 og
HJ-261 med 90° innmater vinkel.
Kraftige og effektive. Fire kniver.
Innmatingsåpning fra 17–26 cm
avhengig av modell. Hydraulisk
innmating og NO-stress turtallsvakt.

Junkkari

NO-STRESS
TURTALLSVAKT
MED I PRISEN

Kampanje-
pris!



Snakk med oss om vedutstyr!

Eiksenteret Førde

Øyrane, 6800 Førde
tlf. 57 83 43 83

EIK
SENTERET
eiksenteret.no

EIKÅS SKOGSDRIFT



**Mange års
erfaring
i vestland-
skogen!**

VI TAR PÅ OSS:

- Hogst
- Framkøyring til bilveg
- Markberedning

EIKÅS SKOGSDRIFT A.S


6847 Vassenden • tlf. 976 48 482 • jarle@eikaas-skogsdrift.no

T. FRIVIK

Taubanedrift AS



- Vi tar skogsdrifter med taubaner over heile landet.
- Vi driver nå med 4 tilhengermonterte baner.
En stor gravemaskin til hver bane som kvister og kapper.
- Vi har base på Kyrkjebø, og er forhandler for Wyssen Seilbahnen og Ecoforest.



Ecoforest

T. Frivik Taubanedrift AS ble etablert i 2004 og er nå den ledende aktøren i Norge på uttak av tømmer i bratt terreng samt montering/demontering av rørgater i bratt terreng. Vi påtar oss alle typer oppdrag innen for skogsdrift, materialtransport og anleggsvirksomhet. Vi har investert tungt i en maskinpark som gjør oss i stand til å dekke de fleste typer oppdrag med egne maskiner. Der hvor det er behov for spesielle maskiner, har vi et godt internasjonalt nettverk som gjør at vi kan leie inn spesialisert utstyr etter behov. Maskinparken består av 4 KMS tilhengermonterte kraner, 4 Doosan gravemaskiner med Woody 60 aggregat, Woodliner selvgående løpekatt i tillegg til det vanlige utvalget traktorer og tømmerhengere. Blant våre ansatte finner du alt fra skogsarbeidere til mekanikere, noe som sikrer svært høy driftssikkerhet og gjør at vi kan påta oss de aller fleste typer oppdrag.

